

MUSIKK FRÅ EI GRØN ØY

Visesongaren frå Bømlo er ute med sin andre
langspelar, to år etter Lysning.



Åsmund Nesse: Viser frå Vesterland

Den gongen gjorde han ein viss suksess med singelen *Gje meg ei lysning*, som kunne passert som nok ein klassisk Dylan på norsk-låt. No er det langt frå Greenwich Village til den grønne øya (den fysiske utgåva er passande nok pressa på grøn vinyl) ytst mot Nordsjøen, men så er det no ein gong slik laga, at musikken kjenner ingen grenser.

Lydbiletet på den nye plata har slektskap både til irsk folkemusikk, amerikansk rootscountry og norske band i krysningspunktet mellom folkemusikk, viser og pop (Vamp, Aftenlandet). Han opnar med kvardagsfilosofiske *Draumen som sige forbi*, som er ein innsmigrande låt om dei store spørsmåla, og med eit stilig mellomspel der det kjem fram at pianisten hans, Gunvald Andreas Hagen, har lytta ein del på Jan Johansson. Lekkert.

Hald deg fast held fram i same sporet, med seint på puben-allsang i refrenget og kledeleg felespel frå Nils Økland, medan *Lars* er ein slik vestlandshumoristisk song i slekt både med Ivar Medaas, Johannes Kleppevik og Salhusvinskvetten; slike songar som *Austlandet* slit med å skjøna heilt, men trykkjer til brystet likevel fordi dei oplever dei som både eksotiske og fengande.

Halvvegs inn kjem så albumets hjarte og sjel, den melankolske og stillfarne *Langt nord der uti*. Han syng vakkert og medlevande; ja, han har ei venleg røyst; og opnar kun akkompagnert av akustisk gitar og mandolin. Så legg resten av bandet seg, nesten umerkeleg, på (stilig når klaveret illustrerar tekstlinja om småfuglane som «syng oppe i tre»).

Slike songar som *Austlandet slit med å skjøna heilt*, men trykkjer til brystet likevel fordi dei oplever dei som både eksotiske og fengande.

Gitarballaden *Bånsull frå Vest* er også vemodig vakker; denne kan fort bli ein klassikar hos dei yngste lyarane hans, sjølv om den har ein tekst som famnar meir enn det å vogge minstemann inn i svevnen og draumane.

Eksistensialismen frå opninga kjem att i *Når vinter blir til vår*. Dette er ein slik tekst/song som tek brodden frå det å eldast. «*Me blese vekk som støv ifrå vår tid / me blir ikkje yngre, og ein dag er alt forbi*», syng han, sparsomt akkompagnert av akustisk gitar og syngjande steelgitar. For det er ikkje så farleg, når ho/han du har med deg på reisa «*strekke ut ei stødig hand / når ruskaveret riv*».

Heilt til slutt, som eit etterskrift, kjem så *Førjulsvisa*, som kom på singel like før jul i 2016. Greit å ha den med, og den passar godt inn i heilskapen: «*Julo som kjem / løyse ingen problem / men godt å få vera i lag her ein kveld / nedpå jordo*» syng han, med det same dempa akkompagnementet som pregar heila plata.

No er ikkje dette eit album som får høgste karakter hos meg, til det er det for snilt og harmonisk (sjølv om det ligg mykje drama mellom linjene her). Men når sola kjem heilt tilbake, då skal eg setja det på, og nok ein gong nyta fine vårdagar ved hytteveggen på dagar «*når sjøden liggje so eit speil av purpurfiolett*», slik han syng om i *Å kjere jord*. Som ein annan visesongar seier det: «*Livet er ikke det værste man har*».
(Anmeldar: Magne Fonn Hafskor)